



## Innsetjing av andre vigsla kyrkjelydsarbeidarar

- 1 Innsetjing følger ordninga Høgmesse til og med ledd 13 **Kunngjeringar**.
- 2 Til ledd 1 **Inngang** kan det skipast til ein prosesjon. Etter kunngjeringane etter preika kjem

### 1 | Innsetjingssalme

### 2 | Framstilling

Den som skal innsetjast, går til lesepulten saman med ein medlem av soknerådet, som les kallsbrevet/tenestebrevet.

Etter framstillinga går dei båe til plassane sine i koret.

### 3 | Tale

Den som står for innsetjinga, held ein kort tale over ein høveleg tekst, frå altaret eller lesepulten.

### 4 | Bøn

Den som vert innsett, kneler på altarringen.

Den som står for innsetjinga, ved altaret, vend mot kyrkjelyden  
Lat oss be om Guds signing over *den nye medarbeidaren vår*.

Vend mot altaret

Evige Gud, du som kan bruka veike og syndige menneske i di teneste, vi takkar deg fordi du kallar oss til å arbeida i din vingard, alt etter den nådegåva du gjev. Vi bed deg, velsign (namnet vert nemnt) med din Ande, så *han* kan gjera tenesta med truskap. Hjelp oss alle til å tena deg med nådegåvene og evnene som du har gjeve oss, så vi saman kan byggja kyr- kjelyden på den eine sanne grunnvollen, Jesus Kristus, vår Herre.

**K | Amen.**

### 5 | Kort salme

Deretter held høgmessa fram med ledd 14 **Forbøn**.